

ÅRSMELDING 2014



Fv. 18 Klubbo – Goddevegen, 7. august 2014 (Foto: Øivind Bratthammer - Statens vegvesen)

Innhald

OM SELSKAPET.....	3
ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE	3
LIKESTILLING	4
DET YTRE MILJØET	4
OPPGÅVER OG ANSVARSFORDELING	4
OM DRIFTA AV SELSKAPET	4
ØKONOMI	6
BOMPENGEINNKREVJINGA.....	7
PROSJEKTER I BØMLOPAKKEN- STATUS.....	10
VIDARE DRIFT.....	11
 RESULTATREKNESKAP	
 BALANSE	
 NOTAR	
 REVISJONSMELDING	

OM SELSKAPET***Historikk***

Selskapet vart stifta 19. mai 2004, som pådrivarselskap for Bømlopakken, med målsetting om og arbeida for å realisera tilfredstillande veg og samferdselssamband i Bømlo kommune. På eigarsida var Finnås Kraftlag (7500 aksjar), Eidesvik Holding AS (2500 aksjar), Bømlo kommune (1000 aksjar) og Bømlo Næringsråd (50 aksjar). Seinare kom også Bremnes Fryseri AS (250 aksjar) og Wårtsilå Norway AS (200 aksjar) til.

Selskapet

Frå 25. mars 2010 vart Bømlo Vegselkap AS eit bompengeselskap, fekk ny eigarstruktur og er no 100 % offentleg eigd. Selskapet starta innkrevjing av bompengar 2. mai 2013. Innkrevjing i bomstasjon på Spissøy og ferjeinnkrevjing ved Langevåg – Buavåg.

Aksjonærar

Bømlo kommune 1400 aksjar (46,67 %)
Hordaland fylkeskommune 1600 aksjar (53,33 %)

Til saman 3000 aksjar à 100 kroner. Alle aksjar har like rettar.

Styret

Etter generalforsamlinga den 22.5.2014 har styret vore slik samansett:

			<u>Periode</u>
Styreleiar	Inge Reidar Kallevåg	varamedlem Sigbjørn Framnes	2014-2016
Nestleiar	Per Ole Fylkesnes	varamedlem Anne T. Johannessen	2014-2016
Styremedlem	Selma Karin Vestvik	varamedlem Kari Friis Sortland	2013-2015
Styremedlem	Siri Klokkestuen	varamedlem Sammy Olsen	2014-2016
Styremedlem	Dag Helge Hellen	varamedlem Geir Angeltveit	2013-2015

Varamedlemmene er personlege.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Selskapet har ingen tilsette.

Arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande og selskapet hadde i 2014 ingen ulykker eller skader.